

Møte for lukkede dører, Stortinget 24. mars 1938

Møte for lukkede dører i Stortinget
den 24. mars 1938 kl. 10.00¹

President: Hambro.

Dagsorden:

Handelspolitisk redegjørelse ved

Statsråd Koht: No nyleg har eg sendt fram til Stortinget alle dei avtalane, større og mindre, som Noreg har fått med andre land i det siste året, og eg vil no i dag få lov å gjera greie for dei forhandlingane som har vore ført i denne tida om handelstilhøvet vårt til andre land.

Millom dei avtalane som no er framsende, finst det ein ålmenn handelsavtale med eit anna land; det er den avtalen med Siam som vart underskriven her i Oslo den 15 november i fjor, og som tok til å gjelda no siste 4 mars då ratifikasjonane vart utbytt, like eins i Oslo. Sjølve avtalen har vore framlagd for Stortinget fyrr, og tinget veit soleis at han inneheld ikkje noko serskilt nytt for handelen eller skipsfarta vår. Når Siam hadde sagt opp den eldre avtalen frå 1926, so var det berre for di det vilde bli fri for den siste resten av konsular domsmakt i landet. Elles kom den nye avtalen til å svara i hovudsaka til den gamle, serskilt på den måten at bestevilkårs-prinsippet vart halde uppe, og ein kan då taka denne avtalen som ein led i arbeidet for eit fritt varebytte mellom nasjonane. Svært mykje har han likevel ikkje å segja i so måte.

Dessutan har Noreg no den 18 februar fått ein ålmenn avtale om handel og sjøfart med Venezuela, underskriven i Caracas. Det er fyrste gongen vi gjer slik ein avtale med dette landet, so for so vidt er han viktig. Og han er ein led i det arbeidet som den serskilte utsendingen vår, minister Sandberg i Rio de Janeiro, har fått pålegg om å taka opp i landa på den kanten av verda, i nordparten av Sør-Amerika og i Mellom-Amerika. Det høyrer med i tiltaka våre for å vinna større avsetningsmarknad for norske utførselsvaror, serleg kleppfisk og ymse industrivaror. Sandberg har hjelp i arbeidet av den norske handelsutsendingen på dei kantane, og eg vonar at når vi får ein norsk sendemann i Mexico, skal vi få fastare grunnlag for alt dette arbeidet. Avtalane med Venezuela bygger på bestevilkårs-prinsippet. Berre for sjøfarta er dette slege fast i formeleg avtale som Stortinget skal bli bede om å samtykkja; for handelen er det endå berre sett up ein "modus vivendi" som vonleg sidan kan bli fest i avtale. Både i Venezuela og i andre land på same kanten har det i dei siste tidene vore ein kjenneleg framgang i økonomisk liv likso vel som på andre område, og eg trur vi torer ha gode voner for handelen vår der burte. På vår side blir det serskilt spørsmål um å kjøpa heim kaffe frå dei same landa. Vi innfører alt no mykje kaffe frå eit par av dei millom-amerikanske statane (Salvador og Guatemala), og det vil ikkje vera so sers vanskeleg å få dette kaffekjøpet utbytt på fleire land.

¹ Gjengitt etter trykt, hemmelig referat.

Eit land på ein heilt annan kant av verda som vi kjøper mykje kaffe frå, er Liberia, og det har no nyleg lukkast for oss å få nytta ut denne innførsla til vinning for fisk-utførsla vår. Den 27 august i fjor fekk vi i stand ein avtale med Liberia um at dei der skulde setja ned tollen på norske fiskevaror muneleg, soleis for turrfisk frå 8 dollars til 4,60 dollars for tunna eller balla. Til vederlag lova vi at Noreg skal gjeva lisensar til kaffe-innførsel frå Liberia i samsvar med det vi kjøpte derifrå i 1936, og aukar fisk-utførsla vår til Liberia ut over det som vi fekk selt dit i 1936, so skal vi auka kaffekjøpa våre. Denne avtalen tok til å gjelda den 1 januar i år; men det er fyrst i dei siste dagane vi har fått melding um at Liberia hadde sett han i kraft.

Både når det gjeld dei amerikanske landa kringom det Caraimiske Havet og det afrikanske Liberia, blir det då spursmål um innførselsregulering på norsk side so vi dermed kan hjelpa utførsla vår. Dette er no ikkje nokon ny tanke, og endå minder kan ein segja det var noko nytt prinsipp som vart innført i dei to ålmenne avtalane med Siam og Venezuela. Derimot kan ein sjå meir av prinsipielt tiltak i det "Haag-arrangementet" som vart underskrive den 28 mai i fjor og som kom i tillegg til Oslo-avtalen frå 1930. Stortinget godkjende dette arrangementet sist 24 juni, og det minnest visseleg det som var hovudinnhaldet i denne tilleggs-avtalen: tollbinding for ei rekke med varor, og lovnad um å ikkje innskrenka innførsla av dei på andre måtar heller, dertil innbyrdes opplysningsplikt for allslags planar om avgrensingar i den frie handelen. Denne utvidinga i opplysningsplikta var norsk tiltak, og vi kunde for so vidt vera glade for at ho no fekk godkjenning av alle dei andre Oslo-statane. Men vi lyt vedgå at nokon stor innverknad på den ålmenne handelspolitikken har ho ikkje havt. Dei tollbindingane som kvart land for seg samtykte, kom etter bestevilkårs-prinsippet alle andre land til godes, og dermed lét dei seg ikkje lenger so godt nytta ut til å få noko av desse andre landa til å gå med på lette i handelsvilkåra. Haag-arrangementet var elles på ein måte ein handel millom alle Oslo-statane, soleis at dei gjorde ettergifter åt einannan i nokolunde likt mål for kvart land. Men ein må segja at fyrst Nederland og sidan Belgia gjorde brot på jamvekta i denne handelen med di at dei straks gav alle stormaktene i kring dei part i dei same ettergiftene utan noko slag vederlag. Det er vel ikkje visst at dette fremmer den politikken som Oslo-avtalen hadde for augo. Nederland har dessutan truga med å taka tilbake den viktigaste ettergifta som det gav dei nordiske landa, fridom for papir- innførsla derifrå. I denne samanhengen kan det vera verdt å nemna at korkje Nederland eller Belgia endå har ratifisert Haag-arrangementet; umfram Noreg er det berre Sverige og Finnland som til i dag har gjeve ratifikasjon.

I hop med Haag-arrangementet vart det avtala at Oslo-statane skulde halda stendige møte til å dryfta og vida ut planane for samarbeid. Det fyrste av slike møte vart halde i København no i januar månad. Her vart det vedteke at desse statane skulde freista hindra varedumping seg imillom, og at dei skulde samråda seg med kvarandre um tiltak mot dumping frå andre land. Dessutan vart det semje um at dei skulde gjeva kvarandre opplysningar um to-sidige avtalar innanfor Oslo-

gruppa som fylte ut arrangementet frå Haag, og so um brigde som kunde bli gjort i reglane for offentlege kjøp.

Soleis blir då samarbeidet vida ut, um ikkje nett med store steg. Og eg vil ikkje dylja for at det er mange gnikingar og vanskar millom dei statane som blir kalla Oslo- gruppa. Eit visst moralsk band legg vel Oslo-avtalen, og det som har kome etterpå, på dei; men ein ser då godt òg at kvar stat tenkjer fyrst og fremst på sin eigen bate.

Stortinget kjenner soleis til dei vanskane vi har havt med Nederland. Eg hugsar godt at med det same eg hadde vorte utanriksminister, kom den nederlandske umbodsmannen her gong på gong til meg og klaga på at den norske regjeringa la hindringar for sume nederlandske varor her i landet. Eg fann no snart ut at dette i røynda var taktikk, ein freistnad på å dekkja over at dei i Nederland gjorde mismun på ymse norske varor, og det var vi som hadde størst rett til å klaga. Stortinget minnest då òg at vi for to år sidan vart nøydde til å setja upp innførselsforbod for kondensert mjølk og turrmjølk til vern imot hollandsk (og dansk) dumping. I fyrre vinteren tok vi upp krav um å få trygga minstekontingentar for Noreg for dei varone som det var innførsels-regulering for i Nederland, for di vi tykte ikkje vi fekk god nok medferd, og den 24 februar i fjor fekk vi då i stand ein avtale som auka kontingentane våre for ymse fiskeslag, serleg ål og sild, for visse papirslag og sume andre industrivaror; dessutan lova vi på båe sidone at vi ikkje skulde skjera ned innførsla for noka vare under den mengda som var innført i 1936. Dermed fekk vi då betre og tryggare vilkår for handelen med Nederland.

Endå meir bry har vi havt med eit anna land innanfor Oslo-gruppa, - det er Danmark. Stortinget veit at straks med det same eg hadde vorte utanriksminister, tok eg upp med den danske regjeringa spørsmålet um å lempa på dei altfor stivbeinte reglane for valuta-utskrivninga i Danmark og um å trygga Noreg visse kontingentar for utførselsvarone våre. Vi fekk då òg ein avtale um dette i august 1935 og ein ny avtale i januar 1936, og utigjenom året 1936 vart so handelstilhøvet millom dei to landa til større vinning for Noreg enn det hadde vore på lenge. Det hadde jamt vore so at utførsla vår til Danmark var mykje mindre enn innførsla vår derifrå; men både i 1935 og endå meir i 1936 auka utførsla vår so sterkt so mishøvet jamna seg noko ut. Likevel måtte vi klaga på at det vart ikkje esla ut nok av dansk valuta til norsk papir, og vi fekk då i september 1936 sett igjenom at den danske valutacentralen skulde løyva 1 mill. kr. i tillegg til papirkjøp frå Noreg. Til vederlag måtte vi visseleg gå med på å auka lisensane for automobilar frå Danmark med 2 mill. kr., frå 8 til 10 mill. Og um dette soleis ikkje just gjorde det ålmenne handelstilhøvet betre for Noreg, so lyt vi hugsa på at vi hadde bruk for å få desse bilane, og at dei ikkje representerte so stor faktisk inntekt for Danmark, sidan alt dei var sett i hop av var innført dit ifrå utlandet.

Men i 1937 tok det til å gå den galne vegen med handelen vår med Danmark; innførsla auka veldig, - ho gjekk etter dansk statistikk upp frå 53 mill. kr. til 79 mill. for heile året, - og samstundes minka utførsla vår frå 43 mill. til 38 mill. Eg skal ikkje klaga over auken i innførsla; han hekk i hop med den store konjunktur-uppgangen i dette året, besninga i dei

økonomiske vilkåra for landet vårt; vi tente på å kjøpa i Danmark. Det som i so måte kunde vekkja otte hos regjeringa, det var at skipsreidarane våre bygde so mange skip i Danmark; det kunde liggja ein fårleg vågnad i dette, og det kunde vera til skade for planane um å fremma skipsbygginga her heime. Regjeringa måtte difor dryfta spørsmålet um å setja innførselsforbod for skip ifrå utlandet, og ho tok denne saka upp med dei serskilt interesserte. Men det var so mange umsyn som vog imot slikt eit forbod, so regjeringa gav det upp.

Derimot kunde vi ikkje la nedgangen i utførsla vår til Danmark halda fram utan inngrep. No var det so at denne nedgangen ikkje skreiv seg frå mindre valuta-utskrivning i Danmark til dei varone som det var regulering for og som vi hadde kontingentar for; nedgangen fall på andre varor, og vi kunde ikkje segja at ikkje Danmark oppfylte avtalspliktene sine. Likevel meinte vi at når vi auka kjøpa våre so sterkt, so hadde vi rett til å venta meir godvilje for det vi vilde selja, og serskilt kom det klagor ifrå dei norske papirfabrikantane at det vart ikkje utskrive valuta for dei til varor som alt var selde i Danmark. Alt tidleg på sumaren i fjor var det klårt at vi måtte koma upp i eit stort mishøve i handelen vår med Danmark, og i juli månad fekk sendemannen vår i København pålegg um å reisa krav til den danske regjeringa um ein tilleggskvote på 2 mill. kr. for norsk papir og nokre mindre summar for ymse andre varor. Alt dette vilde vi ha i tillegg utan noko slag vederlag. Den danske regjeringa stritta imot av all si makt, og eg vil ikkje dylja for at forhandlingane mange gonger vart dugeleg bitre, serleg då den danske handelsministeren kom hit upp til Oslo i september. Han gjorde då tilbod um at vi skulde få dei 2 mill. til papir mot at vi på vår side gav 2 mill. i tillegg til danske automobilar. Men dette vilde ikkje vi gå med på. Og sidan det såg ut til at danskane freista hala ut saka so året kunde gå til endes utan vi fekk krava våre fram, so væpna vi oss med ei kongeleg rettarbot frå 1 oktober som gav regjeringa rett til å setja ein clearing-skipnad i verk imot land som hindra den norske utførsla. Endeleg den 5 november lukkast det då å få i stand ein tilleggsavtale som auka papirkvoten for Noreg med 1 1/2 mill. kr. og dessutan gav oss 200 000 kr. til andre varor, mot at vi let Danmark få automobil-lisensar for 1 mill.

På den måten hadde Noreg for 1937 fått ei valuta-utskrivning på 17,9 mill. kr. for kontingenterte varor i Danmark. Men vi gjorde straks upp med oss sjølv at når avtalen frå januar 1936 gjekk ut til nyåret 1938, so vilde vi ikkje bli ståande korkje med den opphavlege summen i denne avtalen (16,2 mill. kr.) eller med det vi sidan hadde drive han upp til. Denne gongen vilde vi dessutan ha forhandlingane i Oslo, ikkje i København, og det heldt vi fast på som ein sjølvsgd ting, endå alt det danskane mukka. Dei nye forhandlingane vart hardare enn dei fyrre hadde vore, og danskane var reint forstøkte over krava våre. Dei hadde tenkt dei skulde greia alt på eit par dagar, og dei strauk jamvel sin kos fyrste gongen fyrr det hadde vorte noka semje. Men dei kom att halv- annan månad etter, og den 9 februar i år skreiv dei under på ein ny avtale som sette valuta-utskrivninga i Danmark for kontingenterte norske varor upp til 26 1/2 mill. kr., soleis

over 10 mill. meir enn fastsett i avtalen frå 1936. Dessutan er det fyreskrive i den nye avtalen at danske skipskjøp i Noreg (det er gamle skip det er spørsmål um i dette tilfellet) ikkje skal bli innrekna i denne summen med meir enn 1,8 mill. kr., soleis at um vi utfører meir av skip, so skal valutaen for det koma i tillegg. Danskane hadde mange krav um vederlag for det dei soleis gav oss, og vi gjekk med på å auka bil- kontingenten deira til 12 mill. kr. Etter tilråding frå Landbruksdepartementet gav vi òg ein liten tilleggskvote for salta fleisk ifrå Danmark. Men elles gav vi ingen ting på vår side.

Det som er viktig for baae partane i den siste avtalen, det er ei utviding i Haag-arrangementet på den måten at dei to landa kan krevja lengre frist enn den som vart fastsett i Haag, når dei vil setja i verk nye innførselsreguleringar som serleg vender seg mot den andre parten. Slikt tener til å styrkja roa og stabiliteten i dei millomrikske økonomiske vilkåra, noko som er ein hovudtanke i det programmet som den belgiske statsmannen van Zeeland har sett upp i utgreinga si for den britiske og den franske regjeringa.

Noko av det same tilhøvet som vi hadde til Danmark og som fekk si utløysing i avtalen frå 9 februar, hadde vi samstundes til Ungarn, og her nådde vi til ein avtale den 23 februar. Denne avtalen òg vart underskriven i Oslo; men forhandlingane var ført i Budapest av chefen for traktatkontoret vårt, byråchef Prebensen. Med Ungarn låg det slik at fram til 1931 hadde vi større utførsel dit enn vi hadde innførsel derifrå. Men frå 1932 snudde tilhøvet seg reint um. Det var innførselsregulering og valutaskipnad i Ungarn som voldt det. I 1936 hadde mishøvet kome so langt so vi fekk utført til Ungarn berre for 1 1/4 mill. kr. når vi innførde derifrå for det 3-dubbelte, og i 1937 nådde utførsla vår ikkje høgare upp enn til vel 3/4 mill., medan innførsla auka til over 6 mill., meir enn det 8-dubbelte. Attpå gjekk det svært trått med betalinga for dei varone vi selde. Gong på gong klaga vi på dette, og til slutt truga vi med at vi vilde setja fast tvangsclearing for all handelen med Ungarn, - det fekk regjeringa fullmakt til med den rettarbota eg nemnde frå 1 oktober i fjor. Då gjekk Ungarn endeleg med på forhandling, og den kom so i stand i Budapest den 21 januar som var. Ungarane hadde det å orsaka seg med at dei hadde mått binda seg med clearing-avtalar med dei viktigaste landa for avsetninga si, Tyskland og Italia. Men dei skyna at dei ikkje kunde halda på med å gjera slik mismun imot sopass god ein kjøpar som Noreg, og forhandlinga gjekk difor venskapleg og greitt, um so interessene i ymse ting stod hardt imot einannan. Endskapen vart (dei vart einige i Budapest alt den 8 februar) at den ungarske regjeringa trygga oss kontingentar for ymse norske varor upp til ein sum på 2,2 mill. kr. umfram dei varone som går inn utan noko slag regulering, og trygga oss dessutan betaling for alle desse varone. Noreg tok ikkje andre plikter på seg til vederlag enn at den norske regjeringa skulde segja frå til Kornmonopolet at Ungarn gjerne vilde få selt mjøl til Noreg.

Endå i same månaden som denne avtalen med Ungarn kom i stand, fekk vi ein kontingent-avtale og ein ny clearing-avtale

med Hellas, underskriven i Aten siste 28 februar, - vi hadde same forhandlaren der som i Budapest. Men desse avtalane hadde eit heilt anna grunnlag og formål enn avtalen med Ungarn. For med Hellas var vilkåra slik at vi ynskte innskrenka utførsla vår. Med dette landet hadde vi mått gjera ein clearing-avtale i 1933 for di det var so vandt å få pengane inn for det vi selde dit. Men so kom utførsla vår i det siste året til å stiga so høgt upp over innførsla, so vi fekk ein større og større saldo ståande uinnløyst i den hellenske nasjonalbanken. I det året, i fjor, vart det innbetala på norske bankkonto i Hellas £ 125 000, medan det på hellensk konto i Norges Bank berre vart innbetala snaue £ 39 000. Det vilde inga von vera til å få gjort upp krava våre i Hellas på regelrett vis um vi let handelen gå sin gang som han sjølv vilde, og forhandlinga med Hellas måtte då fyrst og fremst ha til formål å finna ein veg til full oppgjerd. Den avtalen som no vart gjort, sette fast kontingentar for den norske utførsla soleis at ho for året 1938 ikkje skulde gå over £ 25 000. Innanfor denne grensa er det sett upp visse prosentlar for dei serskilte varone. Når 1938 er ute, skal utførsla vår bli sett upp til 50 pst. av det som vi året fyrr har betala inn i Norges Bank for hellenske varor. Men skulde den saldoen vi no har ståande att på oppgjerd for dei fyrre åra, bli løyst ut fyrr året er ute, so skal utførsla vår bli sett upp ifrå £ 25 000 til £ 50 000, og blir heile saldoen gjort upp etter nyåret 1939, so skal dei 50 pst. bli sett upp til 100 pst. Det er ein rett kunstig avtale, dette. Men det er mogleg at han kan koma til å forma seg noko greiare. Det spørst um det skulde vera mogleg å få den fastfrosne saldoen vår frå fyrre året gjort upp alt no med det fyrste. Det er klårt at når saldoen vår i Hellas no den 31 desember var so stor som £ 88 000, so trengst det umframt store norske innkjøp til å vega han upp. Men her har det då kome fram planar som vilde føra ein ny ting inn i clearing- skipnaden. Det kom framlegg frå hellensk side um å gjera upp på den måten at eit tridje land (eg kan gjerne fortelja kva for eit land dei hadde i tankane, - det var Tyskland) skulde kjøpa ei stor forsyning med hellensk olje, og so skulde vi på vår side kjøpa spansk olje frå Tyskland. Eg trur no av ymse grunnar at det kan vera tvilsamt um slik ei oppgjerd kan koma i stand. Men eg har vilja nemna tanken likevel, for eg trur han peiker fram imot ein skipnad som ein er nøydd til å arbeida seg fram imot um ein vil koma burt ifrå dei skadelege verknadene av den to-sidige clearinga, - ein skipnad som eg for min part har havt framme alt for ei to-tri år sidan og som er eit hovudpunkt i den nye utgreiinga frå van Zeeland. Kan vi no ikkje få noko slikt gjennomført for oppgjerd vår med Hellas, so blir det lenge å bia på betaling for eksportørane våre, og då blir det ingen annan utveg enn at vi her hos oss gjer store nye innkjøp frå Hellas.

Same tilhøve som til Hellas har vi kome i til Tyrkia. Der òg hadde vi no den 31 desember ein saldo til bate for oss på 1 700 000 kroner, mest på prikken same summen som vi hadde til godes i Hellas. Der har no Tyrkia sjølv i fjor sumar sett upp ålmenne innførsels-forskrifter som stenger for ymse av dei norske varone. Her må vi då arbeida både med å få inn dei pengane vi har til godes og med å få ein rimeleg skipnad for utførsla vår.

Clearing-vanskar på ein annan måte har vi med Romania. Der hadde vi frå fyrr ståande inne ei samling med skuldkrav som vi ikkje fekk oppgjort, og difor fekk vi endeleg i desember 1936 etter mykje slit ein clearing-avtale i stand. I dei neste månadene auka vi innførsla vår frå Romania til det 3-dubbelte, og på den måten fekk vi gjort opp mykje av den fastfrosne saldoen vår. Men so vart det vanskeleg for dei romanske eksportørane å få oppgjerd for sine varor; for den romanske regjeringa gjorde allslags vanskar for utførsla vår. Og so med ein gong sa Romania avtalen opp, so han slutta å gjelda den 31 august i fjor, - då hadde han ikkje stått ved lag i meir enn åtte månader. Eg er ikkje so stø på at det var berre saklege omsyn som dreiv fram denne oppsegjinga; svært venskapleg var ho no ikkje. Dessutan nekta den romanske regjeringa å stå ved forskrifta i avtalen om at når avtalen slutta å gjelda, skulde dei norske importørane halda på med å betala inn til Norges Bank heilt til den nye utførsla vår var betalt. Det var ikkje råd å få Romania til å oppfylla avtalen i so måte, og til slutt måtte Noreg gå med på å la betalinga gå til fritt råddel for den romanske nasjonalbanken. Vi fekk samstundes lovnad um at norske krav i Romania like eins skulde bli overført til fri valuta. Men alt dette har voldt mykje strid, og vi har mått segja frå at vi kan sjå oss nøydde til å gå til tvangs-clearing mot Romania.

Dei viktigaste forhandlingane vi elles har havt i det siste året, var med Frankrike. Eg gjorde greie for Stortinget i fjor, den 8 februar, for dei forhandlingane vi hadde ført i desember 1936, straks etter den franske regjeringa hadde høgtideleg forkynt at ho no vilde gå over til ein meir liberal handelspolitikk, og Stortinget hugsar at dette vart det ingen ting av i praksis, so avtalen frå desember 1936 kom til å byggja på same prinsippa som dei eldre avtalane, - det var ein rein kontingenteringsavtale for utførsla vår til Frankrike. I samanheng med desse forhandlingane hadde vi uppe spørsmålet om å få bremsa på den private vin-innførsla frå Frankrike, og det fekk vi so serskild forhandling om i februar i fjor. Det lukkast oss då å få den franske regjeringa til å gå med på at Vinmonopolet skulde få auka kommisjonsavgifta si for lett vin frå 14 pst. av fob-prisen til 25 pst. av cif-prisen, toll irekna, og for skum-vin til 30 pst. av fob-prisen; skulde innførsla stiga opp over 190 000 liter på eit år, skulde avgifta bli lyft til 35 pst. for vanleg lettvin og til 40 pst. for skum-vin. Heitvinen var det stengt for fyrr. Men det som vi no for eit år sidan fekk gjort for lettvinen, var ikkje nok til å stengja heilt for privat-innførsla av den. Det var likevel ikkje mogleg å nå lenger den gongen; vi var for sterkt bundne av den gamle avtalen frå 1927. Men so tok vi spørsmålet uppatt no i siste desember månad då vi forhandla om kontingent-avtalen for 1938. Då stod vi i den stillinga at den lovnaden Noreg hadde gjeve i 1933 um å setja ned tollen for visse franske varor skulde slutta å gjelda, og då vi so no gjekk med på å nya uppatt denne lovnaden, um so for mykje stuttare tid og i noko trongare umfang, då fekk vi til vederlag sett igjennom ein ny auke i avgifta til Vinmonopolet for privat-innförd skum-vin frå 30 pst. av fob-prisen til 40 pst. av cif-prisen, irekna toll, soleis ein rett munaleg auke; skulde privat-innførsla av

allslags lettvin gå opp over 190 000 liter for året, skulde avgifta jamvel gå opp til 50 pst. På den måten kan vi då ha ei von um å få stagga privat- innførsla kjenneleg.

Forhandlingane um sjølve kontingent-avtalen var elles rett vanskelege denne gongen, noko for di handels-tilhøvet etter avtalen frå desember 1936 hadde laga seg so sterkt um til fyremun for Noreg, og noko for di dei økonomiske vilkåra i Frankrike i det heile hadde snudd seg so uheppeleg for landet. Vi hadde det våpnet som eg alt har nemnt at vi ikkje lenger var bundne av lovnaden um tollbinding frå 1933; vi sa han opp den 30 oktober 1937 med ein frest på to månader. Men skulde vi få ein rimeleg kontingent-avtale for det nye året, so måtte vi kjøpa den med å nya lovnaden uppatt for eit år til; vi berre tok undan ostetollen, den vilde vi ha rett til å setja opp, likevel ikkje meir enn frå 45 øyre til 60 øyre kiloet. Dette har Stortinget fått serskild melding um, og har gjort vedtak um det. Den kontingent-avtalen som vart underskriven i Paris siste 22 desember, vart i hovudsaka som året fyrr, berre med litegran auke i varekjøpa på baa sidone. Og so fekk vi uppattnya lovnaden um at Frankrike skal taka 20 pst. av kunstgjødsel- innførsla si frå Noreg, noko som vil segja mykje meir for det nye året enn fyrr med di at Frankrike har mått auka innførsla for denne vara munaleg.

Med Italia fekk vi ny kontingent- og clearing-avtale den 31 mars i fjor. Stortinget minnest frå utgreiinga mi i fjor at vi hadde vore hepne straks etter sanksjonane mot Italia var avlyst sumaren 1936, og fått ein millombils avtale som skulde gjelda fram til siste mars 1937 og gav so gode vilkår som vi kunde venta oss å få for handelen vår. Vi kom i det heile straks på venskapleg fot med Italia, og eg kunde alt i fjor gjeva opplysning um den framgangen vi hadde for utførsla vår dit. Det gjekk greitt òg venskapleg og med den nye avtalen frå mars i fjor, og denne avtalen skal no gjelda til han blir uppsagd. Han bygger på den utrekninga at Noreg kjøper varor frå Italia for umlag 39 mill. lire, d.v.s. umlag 8 mill. kr. for året. Av dette skulde 12 pst. av det som vart innbetala til Norges Bank, bli nytta til oppgjerd for dei fastfrosne krava vi hadde på Italia frå tida fyre sanksjonane. Resten, umlag 34 mill. lire, skulde vega upp norsk utførsel til Italia, og for den vart det då sett upp visse kontingentar: 14 1/2 mill. lire for turrfisk, 2,7 mill. lire for kleppfisk og saltfisk, 4 mill. lire for tran, 10 1/2 mill. lire for silke-cellulose, og 2,3 mill. lire for andre varor. Det har synt seg at varekjøpa våre frå Italia har vorte ein god mun større enn ein hadde tort rekna med; det kan no ha samanheng med at det vart so mange vanskar med innførsla frå Spania. Dermed gjekk clearing-saldoen vår i Roma mykje fortare ned enn ein hadde venta. Han hadde no alt i mars i fjor kome ned i noko under 6 mill. lire eller 1 1/4 mill. kr. Til siste nyåret hadde han minka til berre 1,3 mill. lire eller 1/4 mill. kr., og no er han heilt oppgjord. Avtalen er då at 5 settepartar av den summen som soleis vart fri, skal gå til å auke turrfisk- kontingenten vår i Italia, 1 settepart til cellulose- kontingenten. Dessutan torer vi rekne på auke i utførsla vår i samsvar med den auken som har gått for seg i våre eigne kjøp ifrå Italia. I staden for dei 39 mill. lire som ein rekna med då avtalen vart sett upp, kan vi byggja

på ein innførselssum på minst 50 mill. lire, og dette skulde då få verknad ifrå juli månad i år.

Det var turrfisk-utførselsregjeringa måtte leggja mest vekt på å halda uppe i avtalane med Italia; for der har vi viktigaste avsetningsstaden for denne vara. Etter avtalen frå 1936 fekk vi ein fast kontingent på umlag 3 500 tonn turrfisk, og etter avtalen frå i fjor fekk vi umlag 4 000 tonn. I båd tilfelle var det mykje mindre enn det som vi i gamle dagar pla selja til Italia. Men eg kunde alt i fjor fortelja um at vi med serskilde kompensasjons-forretningar i tillegg fekk selt over 7 000 tonn til, og heile turrfisk-utførselsvår til Italia i året 1937 kom då upp over 12 000 tonn. I haust gjorde vi nye kompensasjonsforretningar: skipsbygging i Italia mot norsk turrfisk, umlag 4 600 tonn, og prisen vart betre enn han hadde vore året fyrr. No nyleg er det gjort ei ny kompensasjonsforretning, og då fekk vi inn i Italia ei vare som i dei siste åra mest hadde vore stengd ute der, - det var håbrand, soleis til forteneest for vestlandsfiskarane. I kompensasjonsforretningane med turrfisk har staten mått hjelpa til med pengar av dei løyvingane som er gjevne til stønad for torskefisket. Men i det heile lyt vi segja at vi har havt glede av handelen vår med Italia. På vår side har vi gjeve vininnførselsfrå Italia same vilkåra som for andre land, og so har vi sett ned tollen på eit par fruktslag (fersknar og aprikosar). Dette siste reknar no eg for min part for ein vinning for oss sjølve; eg trur at vi kan arbeida upp mykje større avsetning for frukt her i landet enn vi endå har, og eg trur at dette blir til gagn for sjølve den innanlandske fruktavlen. Eg vil ikkje nekte for at eg har ein personleg kjepphest her; eg trur at vi både kan og bør venja folk i landet vårt til å eta mykje meir frukt enn dei gjer i dag, og då er det naudsynt å gjera frukta billeg for dei heile året rundt. Serleg treng vi få fruktbruket upp i Nord-Noreg, og for min part har eg tenkt meg at det måtte vera mogleg å få eit serskilt tollnedslag for frukt til Nord-Noreg.

Dette var no eit innskot i den utgreiinga eg skulde gjeva um handelsspørsmål frå det siste året; eg vonar presidenten tilgjev meg at eg kom med det. Eg skal so gå tilbake til det som har hendt i handelspolitikken vår i det siste.

Eg nemnde at handelen vår med Italia hadde havt ein vinning av at borgarkrigen i Spania hadde skapt so mange vanskar for handelen vår med dette landet. Eg skal ikkje i dag gå noko nærare inn på vilkåra for den spanske handelen; eg tala om desse spørsmåla i Stortinget den 27 januar. Eg skal no berre gjeva eit par faktiske opplysningar um koss det har gått med handelen. Ein månad fyrr borgarkrigen braut ut, hadde vi gjort ein clearing-avtale med den spanske regjeringa, og den bygde på ei kleppfisk-utførsel til Spania på 10 000 tonn. I året 1936 fekk vi no utført til Spania litegran under 9 000 tonn; men i 1937 kom utførselslitegran upp over 10 000 tonn, derav 8 500 tonn til regjerings-Spania, 1 600 tonn til Franco-Spania. Denne parten av handelen vår gjekk det soleis merkeleg bra med. Sjølve clearing-avtalen har berre kunna bli halden uppe med regjerings-Spania, og innbetalingane på båd sidone gjekk upp til noko over 2 mill. kr.; men dessutan vart det gjort kompensasjonsforretningar for halvt so mykje. Med Franco-Spania

kunde det berre bli gjort kompensasjonsforretningar; dei kom for heile året upp i ein sum på 1 1/2 mill. kr. Og attpå kjøpte vi frå baa partane av Spania varor for reide pengar, isaman for noko over 1 mill., det meste var olje frå Franco-Spania. Det er greitt at Utanriksdepartementet held auge med vilkåra i Spania so nøgje som det kann, og at det vil verja handelen vår der so langt som det har høve til.

Elles har vi på ymse kantar havt forhandlingar um einskilde norske varor, soleis i Polen um allslags feitt-emne, bl.a. teknisk tran og fiskolje, og i Tsjekkoslovakia um bladpapir og sild-hermetikk. Polen har skore ned kontingentane våre noko; men i Tsjekkoslovakia har vi fått ein auke. Vi strir då for utførsla vår i baa desse landa. Men samstundes har vi ein strid imot dumping-innførsel frå dei baa to. Med Polen gjeld det cement, og med Tsjekkoslovakia gjeld det sko. Polen gjev statsstønad til cement-industrien sin, so difor kan den selja billeg. Og i Tsjekkoslovakia er arbeidslønene urimeleg små. Produsentane her heime har difor bede Regjeringa um vern, og vi held no på og dryfter innførsels-regulering.

Endeleg skal eg nemna det som Stortinget veit fyrr, at Argentina i haust gjekk med på å slå ned tollen for norsk kleppfisk med umlag 67 prosent. Det var eit utslag av serleg godvilje mot Noreg, og eg strekar under at tollnedslaget gjeld berre for norsk kleppfisk, ikkje for islandsk eller færøysk, sidan Danmark og Island ikkje har bestevilkårsavtale med Argentina. Til vederlag har vi på vår side ikkje gjeve anna enn eit tollnedslag for druvor og pørar i månadene utanfor den norske fruktsesongen. Eg vil likevel ikkje la vera å nemna at her er eit visst fåre-moment i handelstilhøvet vårt til Argentina, med di at vi er nøydde til å halda tilbake på kjøttinnførsla derifrå so ho ikkje skal klemma ned kjøttprisane her heime for mykje. Her må vi stendig vega umsyn mot umsyn, so det eine ikkje skal bli til skade for det andre.

Dermed har eg gjort greie for dei handelsforhandlingane vi har havt med andre land i det året som har gått sidan eg sist la fram for Stortinget slik ei utgreiing, og som har ført fram til avtalar av ymse slag. Men eg må no attåt segja nokre ord um forhandlingar som ikkje har ført fram eller som står fyre i den næraste framtida.

I mai i fjor hadde vi her i Oslo ein handelsdelegasjon frå Jugoslavia og tinga då um ein ny ålmenn handelsavtale som skulde avløysa den vi har frå 1909. Det synte seg då at jugoslavane vilde ha ein skipnad slik at varebyttet vart halde i tilhøvet 1:1, og det kunde vi nok ha vore med på um vi hadde fått lagt den norske handelsstatistikken til grunn; for etter den kjøpte vi meir ifrå Jugoslavia enn vi selde dit. Men jugoslavane hadde ein heilt motsett statistikk som dei vilde leggja til grunn, og etter den vilde den norske utførsla bli dugeleg nedskoren. Tingen er at det meste av varebyttet millom Noreg og Jugoslavia går for seg umveges, t.eks. over Tyskland og Italia, og då er det ikkje so lett å finna det rette grunnlaget. Endskapen vart no at vi i fjor ikkje nådde til noko slag semje, og forhandlinga laut då stå ut til ein annan gong. Det kan bli lettare når vi no vonleg til sumaren får sendemennar akkreditert hos kvarandre.

So er det Australia. Det er eit land som vi slett ingen traktat har med. Men handelen vår der burte har gått rett bra, heilt til den australske regjeringa frå 1 januar i fjor nekta å la oss få bestevilkår for utførsla vår og i staden kravde høgare toll av varone våre, med den grunngevinga at vi kjøpte altfor lite derifrå. Heile året igjennom har so generalkonsulen i Sidney slite med å få dette umgjort, og endeleg no den 18 januar i år gjekk den australske regjeringa med på å unna oss bestevilkår for eit år mot at vi gav fråsegn um at Australia hadde bestevilkår i Noreg og at det norske kornmonopolet ikkje gjorde mismun på Australia i kornkjøpa sine. So er det meininga at vi i dette året skal sjå til å få i stand ein endeleg handelsavtale.

Det vandaste forhandlingsspørsmålet har vi likevel med dei amerikanske Sambandstatane. I utgreiinga mi til Stortinget den 8 februar i fjor fortalde eg um koss den nye avgifta for kvalolje som den amerikanske kongressen gjorde vedtak um i mai 1934, hadde hindra forhandlingane um ein tollavtale med Sambandstatane. Det var ei avgift som i lag med tollen lyfte innførselsavgiftene for kvalolja upp til £ 16.10 eller kanskje nærare £ 17 pr. tonn, og all den stund prisen på kvalolja på den tida var umlag £ 10, so er det greitt at dette var det same som å stengja kvalolja ute frå den amerikanske marknaden. Den norske regjeringa meinte at den nye avgifta var traktatstridig for di ho måtte bli rekna for ein forbruksskatt, og Noreg protesterte difor i Washington mot ho. Den amerikanske regjeringa vilde likevel ikkje gå med på at avgifta skulde vera i strid med traktaten vår, so pålegget vart ståande ved lag. Men ho var einig med oss i at det var ei heilt urimeleg avgift som soleis var sett for kvalolja, og ho streva sanneleg òg hardt med å få kongressen til å taka burt den nye avgifta. Heilt til i fjor hadde vi endå ei von um at dette skulde lukkast; men no får ein vel segja at vi må rekna det for vonlaust.

No hadde kongressen, ein månad etter vedtaket um den serskilde avgifta på kvalolja, gjeve ei lov um fullmakt for presidenten til å få i stand handelsavtalar med andre land på den måten at han kunde setja ned tollsatsane for serskilde varor med so mykje som 50 prosent for kvar. Og det amerikanske State Department spurde straks um ikkje Noreg var viljugt til å forhandla um ein tollavtale på dette grunnlaget. Sambandstatane har i dei åra som har gått sidan presidenten fekk denne fullmakta, gjort toll-avtalar av dette slaget med ei heil rekke med statar, 14 i talet, og Noreg har fått sin part av vinningen av dei tollnedslaga som dermed er gjennomførde, for di vi har den gamle bestevilkårstraktaten med Amerika. Men for vår eigen part har vi ikkje teke upp dei forhandlingane som det her vart spørsmål um, nett av umsyn til kvalolja-avgifta. Det var slik at i ein toll-avtale av det slaget vi soleis kunde få, vilde vi koma til å godkjenna den nye avgifta med di at vi tok imot eit nedslag i ho på høgst 50 pst., og slikt eit nedslag vilde endå ikkje vera til noko nemnande hjelp for kvalolja vår. For um vi so fekk toll og avgift isaman nedsett til berre noko over £ 8 pr. tonn, so vilde dette bli eit altfor stort tillegg i prisen so lenge kvalolja elles i verda vart seld for £ 10 eller endå mindre. I fyrstninga av 1935 vart det likevel reist spørsmål um

det ikkje skulde vera rett å taka imot det nedslaget ein kunde få på avgifta, so sant ein ikkje vart nøydd til å gjeva noko vederlag på norsk side. Og dette spørsmålet var sidan uppe gong på gong, med tanke på at ein kunde få i stand ein avgrensa toll-avtale som berre galdt nokre få varor. Den amerikanske regjeringa sa då òg, og det har ho halde fast ved heile tida sidan, at ho ikkje vilde krevja noko vederlag av Noreg for eit høveleg nedslag i kvalolje-avgifta. Men ho har samstundes gjort det heilt klårt at ho ikkje vilde vera med på ein toll-avtale som var soleis avgrensa at det ikkje vart spørsmål um stort meir enn denne serskilde avgifta. Ho har sagt ifrå at den einaste toll-avtalen ho vilde forhandla um, det var ein på breidt grunnlag, soleis at det kunde bli gjennomført ymse toll-nedslag på baa sidone. I røynda vilde vi då på norsk side bli nøydde til å tilby eller offra både det eine og det andre, og um ein so ikkje vilde kalla det beinveges vederlag for nedslag i kvalolje-avgifta, so vart det då vederlag for ein avtale som skulde gjeva oss dette nedslaget, - det kom i røynda på eitt ut. Både jordbruks- og industri-interesser i Noreg var imot at vi skulde opna dørene for meir innførsel frå Amerika, og ein av dei største utførsels-industriane, cellulose- og papir-industrien, var velnøgd med den letten han hadde fått med den svensk- amerikanske toll-avtalen frå 1935. Det var soleis mange grunnar som tala imot å freista forhandla um ein serskild toll-avtale.

I 1936 tok vilkåra på ymse måtar til å laga seg um. På den eine sida la den amerikanske kongressen nye avgifter på sume andre oljeslag som tevla med kvalolja, og på den andre sida steig kvalolje-prisen meir og meir utetter året til han jamvel kom upp i £ 20 og meir pr. tonn. Då vilde eit nedslag i kvalolje-avgifta på 50 pst. kunna bli til mykje større hjelp enn fyrr, og då tok eg på nytt upp spørsmålet om handelsforhandling med Sambandstatane. Men då var det nett stor valstrid i Amerika, president Roosevelt var på val, heile handelspolitikken hans låg fyre for veljarane, og den amerikanske regjeringa svara at ho tykte ikkje tida var lagleg til forhandling. Roosevelt vann no ein veldig siger; men det var mindre visst med koss den nye kongressen vilde stilla seg til handelspolitikken hans. Fullmaktlova frå 1934 gjekk til endes våren 1937, og endå då eg tala her i Stortinget i februar i fjor, var det uvisst um ho vilde bli oppattnya. So lenge dette var uavgjort, våga den amerikanske regjeringa ikkje taka upp nye forhandlingar. Uppattnyinga for fullmaktslova vart vedteken den 3 mars, og dermed kunde då spørsmålet om forhandlingar på nytt bli aktuelt.

Men nett på den tida var det at det fløkte seg i hop med eit anna spørsmål, eit som galdt heile kvalfangsten. Etter den norske og anna framand kvalolje hadde vorte utestengd frå den amerikanske marknaden, hadde det meldt seg planar um at amerikanane sjølve kunde skaffa seg den kvalolja dei hadde bruk for, og norske kvalfangarar gjorde seg til tenarar for denne amerikanske interessa, med di at dei hjelpte til å reisa amerikanske kvalfangstselskap og førde norske kvalfangstbåtar over til amerikansk flagg. Både dette og andre ting styrkte det kravet som lenge hadde vore uppe på norsk side, um å få ein millomfolkeleg avtale til å avgrensa kvalfangsten. Den norske

regjeringa hadde teke upp dette spørsmålet alt um vinteren 1936-37, og det var ei fylgje av dette norske tiltaket at ein millomfolkeleg kvalfangstkonferanse vart halden i London i juni i fjor. Medan arbeidet med dette stod på, var det naturleg at forhandlingane med Sambandstatane um kvalolje-avgifta måtte venta. Men um hausten, etter avtalen um kvalfangst-reguleringa hadde kome i stand, vart saka reist på nytt, og eg tala um spørsmålet med både statssekretær Cordell Hull og ein av undersekretæranne hans då eg var i Amerika sist i oktober i fjor. Det som dei sa til meg, gav ikkje svært store voner. For det fyrste heldt dei fram på nytt at Sambandstatane vilde ikkje vera med på ein sterkt avgrensa avtale; dei vilde ha upp spørsmålet um tollen på alle dei varone som det eine av landa var hovudleverandør for til det andre. Og for det andre vilde dei ikkje lova so mykje som 50 pst. nedslag i avgiftene på kvalolja; dei vilde ikkje lova meir enn at kvalolja skulde bli jamstelt med andre oljer som ho tevla med. Men dei baud seg til å gå med i fyrehands- dryftingar um alle toll-spørsmåla fyrr offisielle forhandlingar vart tillyst, so ein kunde sjå um det fanst noko grunnlag for slike forhandlingar.

Eg gav melding om dette til Utanrikskomiteen etter eg kom heim i november, og der var det sume som vara imot slike fyrehandsdryftingar, for dei var redd at vi dermed skulde koma til å binda oss. Eg har likevel til slutt late sendemannen i Washington gå inn i slike dryftingar, so vi kunde få vita nøggjare kva det var Amerika vilde krevja av oss. Men det vi har fått vita, er i grunnen ikkje stort meir enn det vi visste fyrr. Det einaste er at umbodsmannen for den amerikanske regjeringa har sagt at sidan det er jordbruksinteresser i Amerika som har drive fram den store avgifta på kvalolje, so torer ikkje den amerikanske regjeringa gå med på nedslag i ho, minder Noreg gjev ein viss lette for amerikanske jordbruksvaror.

På den andre sida har eg havt ei mengd med dryftingar med norske næringsrepresentantar og med dei andre departementa um kva det var vi kunde tilby Sambandstatane i ein toll-avtale. Men det har synt seg at ingen har kunna finna anna enn ei rekke med tollbindingar for varor som vi alt har bunde tollen for i avtalar med andre land. Det er ingen tvil um at det amerikanane serskilt vil ha, det er nedslag i frukt-tollen. No har vi, som eg alt har nemnt, slege ned tollen for ymse fruktslag, - pæror, druvor, fersknar, aprikosar o.fl., - etter tinging med andre land, serskilt då for den tida som ikkje norsk frukt er på marknaden. Men Amerika er fyrst og fremst interessert i epletollen, og den har vi sagt at det er uråd å slå ned. Ingen kan nekta for at epletollen i Noreg er uvanleg høg; han svarar til umlag 100 pst. av epleprisen. Og det er ikkje berre Sambandstatane i Amerika som gjerne vil ha epletollen vår nedsett; vi har fått ynskemål um det ifrå New Zealand, og Sør-Afrika har same ynsket. Det er ingen tvil um at på båe desse kantane vilde utførsla vår tena på at vi sette ned epletollen. Både for New Zealand og for Sør-Afrika vilde det no visst vera godt nok um vi gjorde dette for dei månadene som er utanfor den norske fruktseasonen. Men Amerika er interessert i å få sjølve sesong-tollen nedsett, og her står sterke norske interesser imot. Eg vil likevel minna um det som eg slo på her i stad, at

ein kanskje kunde få ein skipnad slik at det vart ein serskild lågtoll for Nord-Noreg. Eg trur at når folk der nord får meir vane med å eta frukt, serleg eple, so skal det i lengda bli til vinning for sjølve den norske fruktavlen, - plent som det gjekk den gongen vi fekk frukt-tollen nedsett i 1892. Men eg skynar godt at det er praktiske vanskar med slik ein skipnad, so eg nemner dette berre til mogleg ettertanke. I tilhøvet til Amerika har eg no tenkt å gjera ein siste freistnad på å nå fram til ein toll- avtale med berre toll-bindingar på norsk side. Men går ikkje dette, so er det klårt at Amerika er stengt for den norske kvalolja. Alle veit at kvaloljeprisen har gått svært ned att i det siste; han står no på £ 12-13. Og då hjelper det no lite med eit avgiftnedslag på 50 pst. eller kanskje mindre. Det verste er likevel at på den måten blir det større og større fåre for at Amerika sjølv går inn i kvalfangsten, so den norske kvalfangsten blir trengd tilbake. Det er store interesser som her står på spel, og for min part vil eg freista alle rådgjerder eg kan finna til å berga dei. Men til sjuande og sist er det Stortinget som har avgjersla.

Um De no, herr president, vil tenkja tilbake på alle dei einskilde fakta som eg no her i dag har freista greia ut for Stortinget, so trur eg De må sanna at det er ein hard strid Utanriksdepartementet må føra for nærings-interessene våre, både heimeproduksjonen og utførsla, - ein strid på mange frontar. Og eg vil i denne samanhengen ikkje lata vera å nemna for ei hjelp det har vore at Stortinget for tri år sidan gjekk med å setja upp eit serskilt traktatkontor i departementet; det gav handelspolitikken vår sterkare stødnad enn han fyrr kunde ha. Denne handelspolitikken er på mange kantar ein forsvarsstrid, det trur eg utgreiinga mi i dag meir enn nok ber bod um. Men eg vonar at Stortinget dessutan må få ein tanke um at det er ei fast line i denne politikken. Han kan ikkje vera eins på alle frontar, han må lempa seg etter politikken i dei andre landa vi har med å gjera. Men allstad syner det seg at det vilde vera til tap og skade for landet vårt um ikkje staten heldt si sterke hand over handelen vår. Eg har freista so godt som råd har vore, å leva etter det programmet som eg ein gong sette upp her i Stortinget: rasjonelt varebyte. Det er det eg har vilja hjelpa fram. Det hender dess verre ikkje so få gonger at ulike norske nærings- interesser kjem i strid med einannan, eller at dei ikkje ser den djupe samanhengen som er millom dei. Det blir statsmaktene som får freista semja dei, og då må det bli dei nasjonale livs-interessene som skal råda.

Hr. Magnus Nilssen hadde her inntatt presidentplassen.

